



Informasjon til heimane –september 2015

*Bygginga

Status:

- veke 39: Overlevering av skulekjøkken
- veke 40: Overlevering av klasserom fellesbygget/samfunnsbygget, mellomsteget i nye klasserom frå og med veke 42.
- uteområde er noko «innsnevra» på oppsida i byggeperioden. Dette gjer at elevane i hovudsak er på nedsida av skulen. Dette gjer at avstandane vert noko lengre for elevane til/frå klasseromma.

*Forventningar til skulen og foreldra

Foreldra skal forventa at Hafslo barne- og ungdomsskule skal:

- sjå på foreldra som likeverdige partar i samarbeidet heim-skule
- informere om verksemda si, og rettane til foreldra/elevane
- jobbe med elevane etter det som krevst i lover, forskrifter og læreplanar
- ha opplæring som er tilpassa evnene og føresetnadane til den einskilde eleven
- dei elevane som har behov for det, får spesialundervisning.
- jobbe for eit godt læringsmiljø som skal vere fritt for mobbing
- opplyse om kva som er oppbevart av dokumentasjon om den einskilde eleven.
- at skulen sine tilsette har formell kompetanse.....

Forventningar Hafslo barne- og ungdomsskule har til foreldra ved skulen:

- Vèr engasjert, er foreldra engasjert, har barnet det betre på skulen
- Engasjementet ditt er like viktig frå 1.-10. klasse
- Diskutèr med bornet ditt – det stimulerar tankane og utviklinga
- Vèr med og vurder arbeidet til bornet
- Bry deg, då vert bornet meir motivert og trivst betre på skulen
- Har du eit godt forhold til skulen, påverkar det bornet sin trivsel og motivasjon på skulen
- Vert kjend med dei andre foreldra i klassen/skulen, det fører til betre samarbeid og oppfylgging
- Bidra aktivt i rådsorgana til skulen
- Hald skulen informert og gi skulen råd i høve eigne barn
- Kontakt skulen dersom det er noko ein lurar på, eller er usamde i.
- Ta opp problem med skulen – ikkje med bornet!

*Ressursar

-Ressursramma vert «gitt» med bakgrunn i elevtal, skule- og klassestorleikar, samt spesialpedagogiske vedtak. Delingstimar td, ligg inne i denne ramma. Utifrå «organiserar» skulen dette til det me meiner er det beste for elevane. Elevar med spesialpedagogiske vedtak skal ha dei timane som det er vedtak på, i individuelle eller gruppetimar. Ressursramma er endrar seg år for år.



***Leksehjelp**

Henta frå Opplæringslova

«Leksehjelp i grunnskulen kan

- Fordelast fritt på årstrinna slik kommunen avgjer.
- Formålet med leksehjelpa er å gi eleven støtte til læringsarbeidet, kjensle av meistring og gode rammer for sjølvstendig arbeid.
- Leksehjelpa skal og medverke til å utjamne sosial ulikskap i opplæringa.
- Leksehjelpa er ikkje ein del av opplæringa til eleven, men skal sjåast i samheng med opplæringa. Leksehjelpa skal gi eleven hjelp med skulearbeidet.
- Kommunen er ansvarleg for leksehjelpa og vel korleis leksehjelpa skal organiserast.
- Kommunen pliktar å informere foreldra om retten til leksehjelp og tilbodet som gis.
- Kommunen pliktar å sørge for at elevane har eit godt psykososialt miljø i leksehjelpa som fremjar helse, trivsel og læring.
- Kommunen pliktar å sørge for forsvarleg tilsyn med elevane i leksehjelpa. Gruppa må ikkje vere større enn det som er trygt og pedagogisk forsvarleg.
- Leksehjelpa skal vere gratis for eleven. Dersom leksehjelpa blir organisert som ein del av skolefritidsordninga, kan kommunen ikkje ta betalt for den tida eleven mottok leksehjelp etter denne føresegna. Dette gjeld og for elevar som ikkje deltek i skolefritidsordninga elles.
- Det er ingen rett til skyss etter leksehjelpen».

Ved Hafslo barne- og ungdomsskule er leksehjelpa for 4.-7. klasse

Leksehjelpreglar for HBU:

Leksehjelpa er organisert av skulen, og den føl reglementet som gjeld for skulen. Vidare har me fylgjande reglar for leksehjelpen ved Hafslo barne- og ungdomsskule.

Elevane skal vere sjølvforsynte med lekser frå vekeplanen.

Eleven kan forlate leksehjelpa om han/ho er ferdig med leksene før tida. Dette etter avtale med ansvarleg leksehjelpelærar.

Dersom elevar bråkar/uroar, må vedkomande forlate leksehjelpa.

Dersom eleven einskilde dagar ikkje skal på leksehjelp, må kontaktlærar ha skriftleg melding om dette.

Dei som nyttar skulebuss, kan ta skulebussen som går kl 14.30.

Leksehjelpa er måndag og onsdag kl 13.40-14.25.

***Heimesida.**

- her skal det ligge mykje informasjon, bruk den. Me ynskjer ei levande heimeside!

-dersom de ikkje har tilgang til internett, kontakt skulen, så skriv me ut dei dokumente de ville ynskje frå heimesida. Vekeplanar skal ligge på klassane sine heimesider.

Om noko er uklart – ta kontakt med skulen.

Hafslo, 02.09.15

Kjell Ertesvåg



Luster kommune

Hatslo barne og ungdomsskule



-rektor-